



Akivsak-dok.  
Saksbehandler

20/06962-1  
Asbjørn Helleve

Saksgang  
Utval for kultur og næring

Møtedato  
11.11.2020

## **FELLES KRITERIUM FOR OMKLASSIFISERING AV KOMMUNALE VEGAR.**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kriterium for kommunale vegar som **kan** vurderast omklassifisert til private vegar:

- Vegar utan heilårs fastbuande. Med fastbuande meiner ein her at ein fysisk må bu i ein bustad som matrikkelen har definert som bustad.
- Vegar med låg trafikkbelastning (td. stikkvegar)
- Vegar som ikkje er nytta til allmennnyttige formål/interesser (større tur/friluftsområde.)
- Det er ikkje offentleg bussrute på den aktuelle vegen.
- Ingen opparbeidd snuhammar godkjend av kommunen.
- Bakgardar/gatetun/blindveg.

For at ein veg kan vurderast omklassifisert er det nok at den stettar eit av kriteria.

### **Samandrag:**

For å få ei mest mogleg likebehandling av vegar som skal vurderast omklassifisert, er det viktig at ein har felles kriterium for kva som dannar grunnlag for utval av vegar som skal vurderast. Det er også viktig at kriteria er forankra i eit politisk vedtak. Omklassifisering av kommunale vegar er ei sak som kan omfatta mange brukarar, og ein vil sannsynlegvis møta stor motstand for slike vedtak. Det er difor viktig at det vert ei sakleg og god sakshandsaming med god forankring i dei vedtekne kriteria.

### **Saksopplysningar:**

I vedteken økonomiplan (2020 – 2023) er eit av tiltaka for å få betre samsvar mellom vedlikehaldsbudsjettet for kommunale vegar og dei faktiske utgiftene. Voss herad har svært høgt tal km kommunale vegar pr innbyggjer, noko som fører til høge utgifter til drift og vedlikehald. Vidare har Voss også klimatisk ei utfordring i at me har store mengder snø i deler av kommunen. I tillegg kjem at det er store skilnader i kven som har kommunal veg fram til eigedomen og dei som har private vegar. Kommunen har derfor valt å sjå på omklassifisering av kommunale vegar til private vegar som eit av tiltaka for å redusera kostnadene innanfor vegdrift. Det er i økonomiplanperioden lagt inn ei relativt beskjeden innsparing på 1,4 mill kr, noko som tilsvara om lag 14 km veg (kostnaden er stipulert til i gjennomsnitt 100 kr per lengdemeter), rekna ut frå det som vert nytta til vedlikehald og drift av kommunale vegar i dag.

Kommunen har i dag 311,6 km med veg å vedlikehalda og 146 bruer. Sjølv om det er gjort ein del investeringar på dei kommunale vegane og bruene dei siste 10 åra, er det framleis eit stort etterslep på vedlikehaldet.

Kommunen sin økonomiske situasjon og teknisk drift sitt budsjett er styrande for kva vedlikehald og brøyting som er realistisk å få gjennomført på vegane i kommunen. Slik situasjonen no er, er forventningane høgare enn det som er mogleg å innfri innanfor eininga sine rammer. Det må derfor til ei prioritering av ressursane. Nedklassifisering av vegar er eit av fleire tiltak.

#### **Historikk:**

Omklassifisering av kommunale vegar har vore oppe som sak i Voss kommune fleire gonger på 90-talet, og seinast 29.06.2000 i sak 0063/00 der følgjande vedtak vart gjort:

#### **Vedtak:**

1. Vegparsellen frå Heliturist på Bømoen fram til Luftransportssenteret, og Seim vert ikkje overtatt av kommunen.
2. Vegar som utløyer bruk og hus med fastbuande skal ikkje privatiserast. I medhald av § 8 i veglova vert fylgjande vegar nedlagde som kommunale vegar. Vegane vert nedlagde i den stand dei er:

	Lengde i meter:
301 Hodnaberg	
308 Øvre Skjervo	" 685
314 Hyljarås	" 1900
1081 Oppheim, Gullfjordungen (til vestlegaste bruket)	" 100
601 Breidablikk	" 210
107 Bulko – Bulkahagen - parkeringsplass	" 650
217 Ytre Kvarmo	" 300

3. Manglande inndekning vert å koma tilbake i Kommunestyret.

Desse vegane er retta opp i veglista og ligg som private vegar. Kommunen utfører ikkje vedlikehald på desse bortsett frå vegen til Hodnaberg som vart teken tilbake som kommunal veg i etterkant rundt 2010. Her vart det gjort eit politisk vedtak om å tilbakeføre vegen til kommunal veg.

#### **Rettsleg grunnlag for omklassifisering av kommunale vegar:**

Det rettslege utgangspunktet er Veglova § 7 tredje ledd der kommunen kan fatta vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned. Offentleg veg som vert nedlagt, blir privat veg. Dette fordi det går fram av Veglovas § 1, at alle andre vegar enn dei som er offentlege, er private. Eit vedtak om nedlegging av offentleg veg etter Veglovas § 7 eller overføring av vedlikehald- og driftsansvar etter Veglovas § 8, er ikkje eit forvaltningsvedtak etter Forvaltningslovas § 28, men eit **politisk** vedtak om at kommunen ikkje lenger vil ta på seg kostnad og ansvar for å halda vegen open som offentleg veg.

Dette medfører at dei som vert råka av vedtaket, mellom anna ikkje har klagerett på vedtaket. Det vil sei at kommunen står fritt til å bestemma om og i tilfelle kva vegar som kan leggjast ned som kommunale vegar. Kommunen må likevel ta omsyn til saklegheit. Omsynet til kommunen sin økonomi vil vera eit sakleg omsyn ved vurdering om ein communal veg skal leggjast ned.

Ved omklassifisering av kommunale vegar er det veglova § 7 tredje ledd, jfr § 8 annet ledd som er heimel kommunen kan nytt til å fatte vedtak for omklassifisering av kommunale vegar.

#### **§ 7.**

*Etter at fylkeskommunen – i Oslo kommunen – har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg.*

*Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggast ned eller gjerast om til kommunal veg.*

***Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggast ned.***

*Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærmere retningsliner gitt av departementet.*

### **§ 8.**

*Blir offentlig veg nedlagt, kan vedkomande styremakt gjere vedtak om at veggrunnen heilt ut eller delvis skal nyttast til anna offentlig vegføremål eller til føremon for ferdsla eller dei vegfarande. Som føremon for ferdsla eller dei vegfarande vert òg rekna at bruer, murar, vegstykke eller andre delar av vegen etter vegstyremaka sitt skjønn er verneverdig slik at den bør haldast ved like for komande slekter.*

*Nedlagd offentleg veg som ikkje blir nytta til anna føremål etter første ledd, kan vedkomande styremakt legge ut til bruk som **privat** veg etter denne lova.*

*Blir offentlig veg nedlagt, og veggrunnen ikkje blir nytta til anna føremål etter første ledd, og vegen heller ikkje blir utlagt til privat veg, har eigar av eide dom som støyter til vegen rett til å krevje veggrunnen lagt til eide domen sin mot vederlag etter skjønn, eller dersom ny veg skal byggast over eide domen hans, mot frådrag etter skjønn i vederlaget for eide domsinngrep til slik veg. Støyter fleire eide domar til vegen, skal moglig tvist om fordelinga avgjerast ved skjønn.*

Ordlyden i veglova § 7 tredje ledd gir **ingen** føringar/kriterium for kva som skal leggjast til grunn for eit vedtak om å omklassifisera kommunale vegar, det blir derfor opp til kommunens skjønn å vurdera kva som er mest hensiktsmessig. Det er **ikkje** krav om opprusting av kommunal veg før den kan privatiserast, dersom det ikkje føreligg **skriftleg** avtale om at den aktuelle vegen skal ha ein viss standard før den vert omklassifisert.

Veglovas § 8 andre ledd medfører at drifts- og vedlikehaldsansvaret vert overført til private, men kommunen vil framleis ha ein viss disposisjonsrett over vegbruken.

Blir vedlikehaldet og driftsansvaret overført til private, og kommunen eig eller brukar eide dommar som er knytt til den aktuelle vegen, vil kommunen kunna vera ansvarleg for ein del av vedlikehaldet.

Ved omklassifisering av kommunale vegar, er det viktig at kommunen beheld eide domsretten til veggrunnen. Dette gjer at kommunen har ein stor medverknad over forhold knytt til vegane og kven som har tilgang til bruk av dei. Kommunen kan difor setja som vilkår at vegar som vert nedlagde/omklassifiserte, skal vera open for allmenn ferdsel (jmfr. §8 andre ledd i veglova).

Vegane vil då vera opne for nødvendig transport for utrykkingskjøretøy, post- og renovasjonsbilar, septikbilar, skuleskyss etc.

Dersom kommunen ikkje har matrikulert heimel til veggrunnen kan ein nytta **hevdsla (§2)** for å erklæra eide domsrett til veggrunn. Kommunen må då over eit tidsrom på 20 år ha utført vedlikehald/utbetringar og nytta vegen «som sin eigen».

### **Rådmannen si vurdering:**

#### Generelle vurderingar:

Det er ei politisk vurdering når det gjeld kva kriterium ein skal vektleggja ved val av kva vegar som ein skal vurdera nedklassifisert. Kriteria som vert valde er berre rettleiande og ikkje rettsleg bindande.

Nedlegging/omklassifisering av kommunale vegar vil sannsynlegvis skapa stor motstand hjå brukarane av vegen. Dette fordi brukarane vil få eit redusert tenestetilbod, noko som vil oppfattast som urettvist i forhold til andre brukarar av dei kommunale vegane.

Ein bør difor leggja opp til mest mogleg likebehandling sett i høve til andre private vegar i nærområdet med samanliknbar funksjon.

Rettleiande må vera at dei vegane som heradet vel ut til nedlegging/omklassifisering får små samfunnsmessige konsekvensar. Nedlegging/omklassifisering av kommunale vegar kan ramma utkantane hardast, men det vil og vera naudsynt å sjå på vegar og plassar i sentrumsområdet.

Rådmannen ser at det kan vera ei utfordring for dei som får ansvar for vedlikehald av omklassifiserte vegar, særleg der ein har mange oppsitjarar til vegen. Via organisering av veglag kan oppsitjarane koma fram til gode ordningar og rutinar som gjer at vedlikehaldet vert utført på ein tilfredsstillande måte. Ved etablering av veglag kan Voss herad tilby oppstartshjelp for organisering, utarbeidning av vedtekter og fordeling av utgifter mm i samband med skiping av veglaget. Der heradet har eigedomar eller særskilte interesser i ein privat veg, vil det også vera naturleg at heradet går inn i eit slikt veglag.

Samlevegar og tilkomstvegar i sentrum, sentrumsnære område og i tettbygde område bør som hovudregel ha status som kommunal veg. Dette fordi desse vegane er viktige i eit transportsystem i kommunen for å dekka samfunnsnyttige og allmenne behov som td: kollektivtrafikk, skular, barnehagar, kulturhus, sjukeheim, omsorgsbustader etc.

#### Definisjon av samleveg og tilkomstveg:

##### *Samlevegar:*

- Viktige sambandsvegar innanfor område.
- Vegar til bustadområde, næringsområde.
- Vegar med busstrafikk eller vegar til andre offentlege anlegg (idrettshall, skular, større kulturbygg etc.)

##### *Tilkomstvegar:*

- Stikkvegar i bustad- og næringsområde og andre typar stikkvegar.
- Gardsvegar.

#### Kva kriterium skal ein leggja til grunn for utval av vegar som skal vurderast omklassifisert?

I vedteken økonomiplan er det lista opp eit kriterium : *Vegar utan fastbuande.*

Slik rådmannen ser det bør ein ha fleire kriterium enn berre dette. Ein har i dag vegar i kommunen der ein har vedlikehald og brøyting fram til trappa til bustadhús. Kommunen bør generelt ha vedlikehald på samlevegar medan tilkomstvegar bør vurderast omklassifisert. Kriteria vil vera ei rettesnor for å kunna velja ut relevante vegar for omklassifisering.

Det er ei politisk avgjersle kva kriterium som skal leggjast til grunn. Kommunen må oppnå likebehandling med omsyn til dei kommunale vegane som skal vurderast omklassifisert. Slik rådmannen ser det, er følgjande vurderingskriterie dei mest relevante for vegar som **kan** vurderast omklassifisert:

- Vegar utan heilårs fastbuande. Med fastbuande meiner ein her at ein fysisk må bu i ein bustad som matrikkelen har definert som bustad.
- Vegar med låg trafikkbelaesting (td. stikkvegar)
- Vegar som ikkje er nytta til allmennnyttige formål/interesser (større tur/friluftsområde.)
- Det er ikkje offentleg bussrute på den aktuelle vegen.
- Ingen opparbeid snuhammar godkjend av kommunen.
- Bakgårdar/gatetur/blindveg.

#### Saksgang:

Rådmannen ser for seg denne saksgangen fram til endeleg vedtak:

- Kriterium for utval av vegar som skal vurderast omklassifisert vert lagt fram for Utval for kultur og næring
- Rådmannen utarbeider liste med framlegg til vegar som kan omklassifiserast i tråd med vedtekne kriterium. Denne vert handsama i Utval for kultur og næring, Formannskapet og heradsstyret.
- Dei vegane som vert tilrådd omklassifisert, vert sendt ut på høyring til brukarane av vegane.

Det vert på grunnlag av innkomne merknader, utarbeidd sak som til slutt skal leggjast fram for Utval for kultur og næring som tilrår, heradstyret gjer endeleg vedtak.

- Melding om endeleg vedtak (som ikkje kan påklagast) vert sendt ut til berørte partar.

#### Økonomiske konsekvensar:

Rådmannen er pålagd å følgja opp vedteken handlingsplan som følgje av vedteken økonomiplan. Den økonomiske situasjonen for kommunen er slik at alle tenester må effektivisera og spara inn midlar slik at den negative økonomiske situasjonen kan rettast opp og koma i pluss 2023.

Det er i økonomiplanen vedteke at ein skal spare inn 1,4 mill kr over ein 3 års periode. Dette gjer at ein må omklassifisera minimum 14 km med kommunal veg. Ved ein reduksjon i tal km veg, skal driftsutgiftene i teorien reduserast.

Kommunen er ikkje pliktig å rusta opp den kommunale vegen før den vert omklassifisert til privat veg. Det er ikkje lagt opp til slik opprusting i omklassifiseringssakene. Dersom det vert gjort vedtak om å rusta opp vegar, vil det medføra ein del utgifter til kommunen som ein ikkje har dekning for innafor dagens budsjett.

#### Miljø og klimakonsekvensar:

Sakshandsamar kan ikkje sjå at omklassifisering av kommunale vegar skal kunna påverka klima eller miljø. Vedlikehaldet av td. stikkrenner vert dei som overtek ansvar for vedlikehaldet pålagt i samsvar med veglova §54 som regulerer ei felles vedlikehaldsplikt.

#### Folkehelsekonsekvensar:

Kommunale vegar som vert omklassifisert til private vegar skal framleis vera opne for almen ferdslle og vedlikehaldast på ein slik måte at td. heimesjukepleiar kjem fram for å utføra sine tenester.

#### Konklusjon:

Omklassifisering av kommunale vegar er eit naudsynt tiltak og rådmannen tilrår at det vert gjort med bakgrunn i dei valde kriteria og i tråd med skissert saksgang.